Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. nr. 3 Brynet    Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.    Herad: Balestrand

Emne: X    Bygdelag: Balestrand

Oppskr. av: Ivar Tjugum    Gard: Tjugum

(adresse): Balestrand    G.nr. 19    Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Brynet er frå den eldste tid ein kan minnast og har sogu om - brukt til å gjera eggja på eit reidskap (Ljå, Sigd, Kniv, Øks, Høvelstamm, Stemmejarn m. fl. kvasst og finpolert i eggji etter at det på ein meir primitivt måte er fram kvesst - i gamal tid ved tynning no ved sliping.

Ved å leggja brynet til eggi og gni av og til palerar ein den fin eggflata etter slipeeggi og slit bort den rod, som lagar seg på kvasseggi når eggsidene er komne saman i vinkel (V-ko) I den eldste tid ein herfrå kan hava melding, vart Ljå og sigd kvesste i smidja ved tynning, ved oppvarming med trekol i smedjeavlen og tynnhamra på smedjestedet og sidan passande herda før bruken å brynast fram til fin og blank egg. Denne ljåen vart her kalla „Tynnsteljå"

Til vanleg var det husbonden som utførde dette arbeid i smidja etter at arbeidsfolki kom frå marke (teigen) eller tidleg om morgonen før dei gjekk på arbeid.

1) Det vanlege ord for bryne er brynse og å bruka brynset er å brynja. Gode Hein (Heidn) er namnet på ein finare sort brynse, som

472

brukast til dei finaste og skarpaste reidskap som til dømes barberkniv. Dette brynet er hardt og tett og fint i konsistensen, og glatt nesten som glas.

2). Det brukast no mest bryne av kunststein (smergelbryne) ofte med to finleiksgrader



Sövidt ein nå kjenner til, har det ikkje funnest naturleg brynestein i bygdi her. Her var i eldre tider bruka eit sers godt bryne=slag dei kalla Tjöbryne. Namnet kjem av at det i steinmassen sat ein del tjörner som reiv og brynte hardare enn det övrige av steinen, og var der tilstrekkeleg av desse tjör=ner (tjödner) (som ofte var gulbrune av farge og såleis skilde seg ut frå den grå massen). Så verka det som moderne kunstbryne (smergelbr. Kvar desse brynesløg opphavleg var komne frå kan ein nå ikkje segja.

3/ Alle reidskap som skal ha kvass egg vert no först slipte på slipestein for å få eggfladene „framsleipte“, som ein tie vanleg segjer. Her i bygdi segjer ein om eit reidskap at det er „åtslipt“ (aatsleipt). Sidan vert eggsiderne polera med bryne for å få lett bit. Når ein så har brukt reidskapen ei tid og det slövest, bryner ein först med eit grovt bryne og sidan pussar ein bort grovroa med eit finare.

4) Slipesteinen kom til bygdi omkring 1850-60-åri. Før den tid vart ljå og sigd tynna ved ~~ved~~ ved först å verta oppvarma i smidjeavlen av gloande trekol og så framtynna med hammar på smidjesteden.

Skilnaden på „tynneljå“ og slipeljå.

472
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var den at stålet som låg i ljåeggi på tynsleljåen vart herda berre så langt som tynningi gjekk opp. I slipeljåen er heile stålet, som legg gjenom heile ljåen herda, då ljåen vert levert ny og siden trengst berre kvessing med sliping og brynning til ljåen er utsliten. Tynsleljåen måtte herdast for kvar tynning, og det var kunsten å kunne hera godt frå få godt bit. „Å treffa herdla."
Det var tievanleg husbonden som tynna ljåane kvar kveld eller die kom frå slåtteteigen eller tidleg om morgonen i smidja.
5) For nokre år attende vart det her på garden funnet ein stein som hadde form og storleik som eit langebrå. Det var saman med eit steinaldersfund (3 steinøksar, som etter proff. Bøe Bergens Museum skulle vera minst 5000 år. (Prikkelugane brindodien) Den steinen var etter opplysning frå Berg. Mus. ein brynestein, som hadde lege fast, medan det som skulle kvessast vart fått fram og attende mot steinen. Så vidt eg kjenner til vert ikkje nokon slik sen stein nytta no her omkring. Det er for det meste fagsnikkar som nytter det såkalla forlleggjande bryne for høvletann og stemmejarn. Slipestein stod heime for det meste. Når han var vorten gamal og låten tok ein den ofte med ut i teigane som låg langt borte og brukte han der under arbeidet, for å sleppa ha så stort utvar i ljå.
6) Ljåen vert brukt så lenge og brynt til den vert så tjukk (rund) at brynet ikkje greider å laga skarp egg som bit, då



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM

må ein slipast fram att. Til slipelja
må ein nok bruke slepestein når brynet
ikkje greider å få eggi i bit.

7) Til vanleg brukar ein berre eitt bryne til ljåen. No etter at kunststeinbrynet er komet på moden er desse gjerne laga slik at eine enden (eine halvdelen) er av grovare steinstoff enn den andre. Ein brukar då først den grove enden og så den fine til å pusse fint med. Det er ikkje vanleg her å bruka brynestikka, men i enkelte bygder i Sogn vert den brukt. Den vert i grunnen ikkje nytta som bryne men berre til å stryka roi (ronåo) frå eggi.

8). Langljå (langorven) tek ein til vanleg med or orvet når ein sliper, men stuttorven løyser ein ikkje frå orvet under slipinga. Til vanleg held ein eggi mot seg når ein sliper ljå.

9) Når langorven skal brynast, stiller ein orvet mot jordi. (Orvet er ofte beslege med ein jarnpiss i enden, for at det skal vera lett å støyta ned i jordi og stå stødt under bryningi. Ljåeggi vender då nedover og ein støttar ljåen med venstre hand og fører brynet med høgre. Stuttorvet held ein på same måten med unnatak at orvet då vert støtta mot høgre lår.

10) Brynekolle (brynekodd) er til vanleg laga av blikk-Zinck eller tre. Ein smal cylinder litt konisk, såvidt det er plass til brynet og litt vatn.

11) Det har ikkje vore nytta okse- eller ku-horn til brynekolle her som ein kjenner til

472

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

12) Brynekollen vert festa anten til reim om livet eller ved ein strengkrok, som ein beinveges stikk i buksetøyet. Den vert boren anten langs og bak umsetre tår eller rett bak.

13) Brynet vert altid fukta (både notin- og kunstbryne) og tiovanleg med vatn. Derom ein ikkje har brynekoll eller vatn, spyttar ein på brynet.

14) Slam av bryne under bryninga kallar me her „brynekvåt".

15) Har ikkje høyrt at brynekvåt er vorte nytta som medel mot ringorm, men som medel mot vorter. I mange høve vert det nytta som sverta på lær når ein reparerar (halvsolar) skor. Brynekvåt på garva lær vert svart.

16.) Har ikkje høyrt at brynekvåt vert nytta som annan medecin.

17.) Ikkje ved overlevering men ved sjølvrøynsle vert brynet betre når det har lege i jord.

18) Forteljingar om at brynet talar finns ikkje her såvidt ein kjenner til.

19) Nei.

20) Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 472
BYGDØY